



Elins Matgleder har fått ein god start.

Elins Matgleder har hatt ein kanonstart, og Elin Enes har hatt det svært så travelt no i førjulstida. Fleire har henvendt seg med spørsmål om opningstider, og Elin seier at ho ikkje har sett faste opningstider, men at ho er svært mykje i bakehuset. Det er alltid ope når ein ser lys i døra, og då er det berre å stikka innom. Elles kan ein ringe og sjekke på tlf 470 12 125.

Ho har svært godt utval i julekaker, og dessutan kan vi informere om at ho kjem til å bake julabrød tirsdag, torsdag og lørdag den komande veka.

Svært godt fornøgd kan ho fortelje om ei svært travel tid med mykje bestillingar til ulike lag og firma.

Av: Thor Inge Døssland